




Julenummer av Kyrkjelydsbladet Helg og Yrke - Julia 2022

I dag er det fødd dykk
ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren.
Luk. 2. 11



Julehelsing frå prosten



Mindre vise?

Fornuft og tru

Kan fornuftige menneske i dag tru på den juleforteljinga som har lydd i over 2000 år? Må vi seie nei til fornufta, legge frå oss vår kritiske tanke om vi skal tru på juleevangeliet? Korleis kan vi møte julemysteriet utan å gå på akkord med vår vitskaplege innstilling?

Vismennene

Stavangerforfattaren Andreas Jacobsen, alias Ajax, har ei julefortelling kalla «Vise menn fra Østerland.» Johanna fortel: «Langt, langt borte i Østerland bodde der ein gong tri menner, så ikkje hadde gjort noge aent heilt sidan di slutta folkeskulen, enn å betrakte stjernene på himmelen.

Ny stjerne

«Ein dag sa ein av di, at han hadde fonne ei nye stjerna på himmelen. Hu sto i retning av Betlehem,» og «hu lyse sterkare enn nogen aen stjerna eg har sitt.» «Me reise.» «Me tar med litt kaffi og julabrød, det er langt til Jødeland, og me kan bli svoltne på veien.»

Hyrdene

Etter vismenne sine spesielle møte med Herodes og ordføreren i Betlehem, skriv Ajax: «La oss gå udanfor byen og tenk' oss litt om.» «Der sad nogen hyrder og passte sauer.» Ajax skriv at det vart eit spesielt møte mellom vismennene og «hyrdene,» dei sa: «Gå te stallen der borte.»

Vismennene

Ajax si forteljing om vismennene ender slik:

- Og di gjekk te stallen.
- Og di fant et baden så sov på halm.
- Og di teba det.
- Og di blei ikkje mindre vise av det.

Vitskap og tru

Eg minnes eit nobelintervju i Stockholm for nokre år sidan der vinnarar av ulike nobelprisar var saman. Her var til dømes nobelprisvinnar i fysikk og matematikk. I ein interessant samtale kom dei inn på forholdet mellom tru og fornuft, tru og vitskap. Dei reflekterte over dette. I samtalen kom det fram at fleire av desse prisvinnarane med høg vitskapleg kompetanse, var søndagsskulelærarar i deira lokale kyrkje - og dei fann ikkje dette problematisk.

«Hun som er så fornuftig»

Eg minnes ein god samtale med mi svigermor. Ho sa om si dotter Britt som i konfirmasjonstida begynte å tru på Gud: «Det er underlig at Britt er blitt en kristen – hun som er så fornuftig.»

To lengslar

I eit intervju med «Vårt Land» seier Svein Tindberg at han ber på to lengslar: Den eine etter tru, den andre etter rasjonalitet. Tindberg er aktuell med teaterstykket Gudspartikkelen der han utforskar eksistensielle spørsmål. Han seier: «Det er plass for mysterier, det er plass for gåter og undring, med andre ord – det er plass til tro.»

Undring

Det er tid for å høyre og undra seg over juleforteljinga. Ta med deg heile deg inn i møte med tekstane. Still dine kritiske spørsmål, mi erfaring er at julebodskapen toler det. Nytt gjerne høve til samtaler og velkomen til gudstenester og med di undring. I fylgje Ajax fann vismennene barnet, dei tilbad barnet - og «di blei ikkje mindre vise av det.»

God jul!

Svein Arne Theodorsen



Fra fjord og fjære

I Sunnhordland prosti har ein lange tradisjonar for å gje ut «Helg og Yrke» med julenummeret «Fra Fjord og Fjære». Bladet vert sendt til alle heimar i prostiet, opplaget er passert 24 000!

Trong for gaver!

Det meste av arbeidet vert gjort på dugnad. Einaste inntektsposten er gaver. Vi er svært takksame til alle som gjev. Vi ser at vi har trong for fleire gjevarar for framleis å gje ut bladet og senda det fritt til alle. Vi minner om høve til å gje gaver til bladet. På neste side har vi trykt ein giroblankett, her finn du m.a. kontonummer.

Julegave på vipps?

Det er no og høve til å gje ei gave til «Helg og Yrke» med VIPPS 695088



Nytt om personell i Sunnhordland

Bømlo:

- Sissel S. Gåsland, kyrkjelydspedagog frå 01.08
- Elisabeth Vatland Fauskanger, vikariat kyrkjelydspedagog frå 01.08
- Hanna S. Raknes, konsulent, oktober 2022 – september 2023
- Janne Gilje Røslund, fungerande kyrkjevevjer frå 01.01.23 til september 2022.

Etne:

- Tone Heide, organistvikar for Solveig Sørheim som har permisjon frå 1.august.
- Randi Matre er tilbake i stillinga si som kyrkjelydspedagog frå 1.oktober (60 %).
- Elisabeth Vae Haaland har gått over til stilling som barne- og ungdomsarbeidar i 30 %.
- Linda Hjelmtveit er tilsett som kyrkjegardsarbeidar frå 1. mars då Bjørn Stødle slutta i stillinga.

Kvinnherad:

- Oddbjørg Heimark er blitt pensjonist. Ho har vore kyrkjelydssekretær sidan 1994
- Fellesrådet har lyst ut ny stilling som diakon/diakoniarbeidar.

Stord:

- Noah Wibe vart 23.10 innsett i Stord kyrkje som kyrkjemusikar.

Prostiet:

- Roald Drønen er blitt pensjonist, han avslutta som sokneprest i Fitjar i juni
- Olav Johannes Oma er tilsett som sokneprest i Fitjar, han kom frå stillinga som sokneprest i Stord. (Bilete)
- Per Hjemdal avslutta tenesta som sokneprest i Etne i oktober
- Kari Vik Stuhauget er tilsett som ny sokneprest i Etne, innsetjing 19.02
- Jørgen Knudsen er tilsett som ny sokneprest i Stord, innsetjing 1. juledag, han kjem frå stillinga som sokneprest i Nysæter
- Reidar Aadnanes vart 18.12 innsett som sokneprest i Nysæter
- Kjetil Kringelbotten vart 18.09 innsett som sokneprest i Uskedal og Ænes sokn
- Stillinga som sokneprest i Husnes & Holmedal sokn er lyst ut.



Stjerna
Stavangerforfattaren Ajax skriv i Vise menn frå Østerland: «Dokker sko ha vært her den nattå han blei fydd. Iofta krydde av englar, og den stjerna der oppe lyste så det blir dag langt inn i di svartaste kredene i hjertene våres.»

**PROSTE-
HØRNET**

HELG OG YRKE

Kyrkjelydsbladet vert sendt til alle heimar i Sunnhordland

Redaksjon:

Svein Arne Theodorsen
Hamnegata 48
5411 STORD
Tlf. 53 40 34 30
svein.arne@kyrkja-stord.no

Send di gave til:

Helg og Yrke
v/ Tor Langeland
Langlandsvegen 45
5412 STORD

Kontonr. 8420 05 25328

Sats og trykk:


Bladet Sunnhordland
STORD

Opplag: 24 000

Layout:
Jan-Ove Fagerheim

Neste nummer kjem i mai. Frist for innlevering av stoff er 30. april 2023.

Minner om høve til å gje gaver. Denne gongen er giro trykt på neste side, der er kontonummer. Ein kan og nytta VIPPS: 695088.



Sei noko om Jesus!

Av Halvor Nordhaug, Biskop i Bjørgvin

Den 30. november slutta eg som biskop. Dette er difor mi siste julehelsing i kyrkjeblada i Bjørgvin. Då vil eg seia noko om Jesus. Eg har sagt mykje om mangt i dei nesten 14 åra eg har vore biskop. Men ingen ting har vore viktigare for meg enn å seia noko om Jesus.

Den kjende svenske forfattaren Göran Tunström opplevde ein gong at telefonen hans plutseleg ringde svært seint ein kveld. Det var ein gammal ven som livet hadde køyrt over fleire gonger. Han kjende seg totalt ferdig. Det einaste han orka å seia var: – Du må komme!

Tunström kom, og vart møtt av venen som hang i dørkarmen med den eine handa, medan den andre heldt fast på ei whiskyflaske. Han såg på Tunström med slitne augo og fekk stamma fram: – Du må seia noko! Tunström svarte: – Kva skal eg seia? Vennen sa: – Eg veit ikkje. Men du er jo forfattar. Du må seia noko.

Då datt det ut av Tunström: – Skal eg seia noko om Jesus? – Ja, sa vennen. Gjer det! Sei noko om Jesus! Så byrja han å gråta. Tunström gjorde som han vart beden om. Han sette seg ned saman med venen, og byrja å snakka om Jesus.

Eg forstår dette utbrotet: – Sei noko om Jesus! Viss eg kjem dit at alt rasar rundt meg, slik det gjorde for mannen i denne forteljinga, då vil eg høyra om Jesus. Då vil eg høyra om han som er sentrum i julefeiringa. Han som kom frå Gud, men som søkte seg nedover og landa på strå i Betlehem. Han som i alt han gjorde viste ei særleg omsorg for dei som sleit med å komma gjennom dagane, og dei som stod på sida av det gode selskapet.

Når vi les dei fire evangelia i Bibelen, ser vi at Jesus er miskunnsam og full av omsorg. Ein stad står det: «Då Jesus såg alt folket, fekk han inderleg medkjensle med dei, for dei var forkomne

og hjelpelause, som sauer utan gjetar» Orda som her er omsette med «han fekk inderleg medkjensle med dei», betyr direkte omsett: «hans indre kom i rørsle på grunn av dei». Menneske si naud rører Jesus.


På vegen ut av Bjørgvin og tilbake til Ås der eg kom frå, spør eg meg sjølv: Kva fekk eg gjort som biskop? Mest av alt håpar eg at eg som Tunström har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.

Takk for meg! Det har vore ei festreise å vera biskop i Bjørgvin. Eg ønskjer dykk alle ei gledeleg jul og Guds velsigning!

Mest av alt håpar eg at eg har fått sagt noko om Jesus, om kjærleiken hans til oss. At eg har bidrege til å styrka trua på han som både er Guds son og på same tid menneskevenen, og som er fylt av inderleg medkjensle med alle.



Betalingsinformasjon		GIRO		Betalingsfrist
Gåve til bladet		Underskrift ved girering		
Betalt av		Betalt til	Helg og Yrke v/ Tor Langeland Langlandsvegen 45 5412 STORD	
Belast konto		Kvittering tilbake		
Kundeidentifikasjon (KID)	Kroner	Øre	Til konto	Blankettnummer
H			< > 8420 05 25328	<6159074905>



Trusopplæring i Sunnhordland

Det vert gjort mykje god trusopplæring i prostiet, der og mange frivillige gjer ei stor og viktig teneste. Her kan du sjå og lesa om noko av det som har hendt.

Bømlo

Tru:D17 Londontur

14. – 17. juni reiste 35 17-åringar frå kyrkjene på Bømlo i lag med 6 frå staben på tur til London. Turen er ein del av trusopplæringa Tru:D.

Sidan me var så mange blei me innkvarterte på to ulike stader; ei gruppe budde på Garden view hotel, og ei gruppe budde på KFUK-hjemmet. Første dagen fekk ungdomane både ta seg ein tur i Oxford Street, og dei fekk vera med på Evensong i St. Paul. Me samla alle til morgonsamling på KFUK-hjemmet den første morgonen. Då kom Anja Meling Alvsvåg og fortalde om det å bu og studera i London, og om arbeidet sitt blant heimlause i London.

Elles var me rundt omkring på sightseeing i London, nokre var på Madame Tussauds, nokre var i London Dungeon. Alle fekk vera med opp i Sky Garden. Det var ein fin stad, med god utsikt over byen. Om kvelden såg me musikalen Lion King i Lyceum Theatre.

Torsdag ettermiddag var satt av til å besøka Sjømannskyrkja. Der hadde me samling og fekk høyra meir om sjømannskyrkja. Kateket Randi Langkaas hadde samling med oss. Etter besøket på Sjømannskyrkja fekk ungdomane utforska London på eiga hand. Me hadde ein opplevingsrik og veldig kjekk tur i nydeleg sommarvêr i London.

Liv Merete Fylkesnes Pedersen



Stord

LysVaken Stord/Nysæter



Då var tida komen for at nye 11-åringar skulle få overnatta i kyrkja si! Eit døgn der me er lys vakne for andre, oss sjølve og lys vakne for Gud. Ei flott natt med tema lys, der alle får vere med å øva til gudstenesta. Me har vandra i mørket med lys, me har tent lys, me har sunge, dansa, leika og ete. Veldig mykje program på eit lite døgn. Nytt av året er overnatting i Stord kyrkje. Ei historisk happening! Veldig kjekt der frivillige og stab har vore med å bidrege til at det blei nok ein suksess i år også.

Ingvild Baugstø Almås

Lysmesser



Tysnes
- Onarheim kyrkje



Kvinne
- Eid kyrkje



Kvinnherad

LysVaken

I november og desember vart 10- og 11-åringar inviterte til å vera med på LysVaken i Ølve, på Valen og i Kvinnherad kyrkje.

Namnet LysVaken handla ikkje om at ein skulle vera vakne heile natta, sjølv om overnatting i kyrkja var ein del av opplegget. Det handlar om å vera lys vaken, for kvarandre, for Gud og for det som skjer rundt oss. Ikkje minst handla det om at Gud er Lys vaken for oss.

Her er eit par bilete frå LysVaken i Ølve kyrkje og Kvinnherad kyrkje:

Toril Langeland



Tysnes

Krølletreff

Ein ettermiddag i november var alle 2-åringane invitert til å komma i Tysnes kyrkje og høyra historia om sauene Krølle som gjekk seg vill.

Forventning og sjananse stod å lese i ansikta deira då dei kom inni våpenhuset, då var det trygt og godt å ha ei kjent hand og fang å krypa oppi. Men dei tødde snart opp og var ivrig etter å finne sauene Krølle som var på ville vegar.

Alle fekk tenna eit lys i Lysgloben før leitinga byrja. kunne Krølle ha havna i elva? Me såg i døypefonten, men der var det berre ei mus. Alle som turde fekk eit vannkors tegna i handa si til minne om dåpen. Kunne Krølle ha forvilla seg oppå fjellet? Litt skummelt var det så absolutt å klatra oppi Preikestolen for å speida etter Krølle. Einaste me fann der var ein villkatt og eit ekorn. I alterringen som for anledningen hadde grønt «gras» var det mange sauer på beite, men ingen Krølle. Kor hadde han gjort av seg?. Me var så trøtte av å leita at me sette oss beint ned og åt ein bolle før me song: «Bæ bæ lille lam» så høgt me kunne, og der, var det nokon som høyrte eit «Bæ, Bæ»? Me ropte på Krølle og jau, eit tydeleg «Bæ bæ» kom frå bak alteret. Ein liten kjapp to åring hadde augene med seg og fann Krølle som hadde satt seg fast bak alterbilde. Letta blei «Krølle» bore forsiktig ned til saueflokken sin. Alle 2-åringane fekk utdelt si eiga «Krølle» bok før me song «Kjære Gud jeg har det godt» til avslutning.

Heidi Hollekim



Tysnes

Babysong

Måndag 14. november var det Babysong i Uggdal kyrkje. Det er mykje song, leik og ikkje minst dans både med og for dei små. Etterpå koser me oss med rundstykk og kaffi medan praten går om babyane og andre ting som opptar småbarnsforeldre. Me har Babysong annankvar gong i Uggdal kyrkje og på Omsorgssenteret.

Heidi Hollekim



Julevandringar

I fleire sokn i prostiet er det tilbod om julevandringar. Med kostyme og dramatiseringar vert born inviterte til å ta del i juleforteljinga.

Bilete frå julevandring med barnehagen i Onarheim kyrkje. Dei vart utkledd som gjetar, englar og dei tre kongar, og gjekk på leiting etter Jesusbarnet. Stjerna lyste vegen og til slutt fann dei Jesusbarnet bak alteret. Han blei boren forsiktig og lagt i krybba i stallen hos Josef og Maria. Borna song Ett barn er født i Betlehem som avslutning.



Kvinnherad
kyrkje

Året i revy. Frivillig teneste.

Fokustema i prostiet i år er: «Frivillig teneste.» På prostidagen var biskop Halvor Nordhaug sentral både på felles personalsamling, prostisamlinga og prostigudstenesta. På prostidagen fekk vi og rapportar om frivillig teneste i prostiet. Her kan du sjå og lesa om noko av det som har hendt.

«Etter skoletid» for 3. og 4. klassingar i Sveio soknehus

I haust har me starta opp eit nytt, kontinuerleg tilbod i trusopplæringa i Sveio. Tilbodet blei lansert på medarbeidarfesten for frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane i vår. Me har lenge sett at det var behov for eit tilbod der me jamleg møter barna og gir dei del i bibelforteljingar, song og fellesskap. For å få det til, trengte me i tillegg til staben ei større gruppe frivillige til å laga til mat, servera og rydda etter måltidet.

Eit ambisiøst prosjekt å invitera 3. og 4. klassingar frå heile kommunen til «Etter skoletid» i soknehuset. Me såg at det blei for krevjande å organisera skyss frå skulane som ligg utafor gangavstand, men nå deltar 25 barn som går på Sveio skule, som me kan møta ved skulen og gå i følgje med til soknehuset.

Ei gruppe på elleve frivillige damer deltar nå med kjøkeneneste. Me fekk nok frivillige til at me har lag av 2-3 frivillige som har ansvar for måltidet ca. ein gong i månaden for kvart lag. Dei frivillige er gull verdt, dei handlar inn, lagar klar mat, dekkar bord, ryddar og vaskar opp. Og så ser det ut som om dei har det veldig kjekt ilag.

Og barna set så absolutt pris på maten, og det å sitja saman om måltidet. Tomatsuppe er favoritten for mange. Brød og knekkebrød med pålegg går og ned på høgkant.

«Etter skoletid» er kvar tysdag på hausten, frå 4. oktober til litt inn i adventstida, og startar opp igjen seint i januar og held fram til rundt påske. Fire personar frå staben og ein frivillig er med barna i måltid, samling med forteljing og song, leik og aktivitet.

Haldis Rolfsnes Stueland



Etter skoletid/leksehjelp i Nysæter



Oddbjørg Løkling orienterte om dette tiltaket: Måndagar frå kl. 14-16 er kyrkja open for elevane frå Nysæter Ungdomsskule (som er nærmaste nabo til kyrkja). Vel 20 får leksehjelp og gratis mat, dei får møta ei raus kyrkje og nede er det eit spelerom når dei treng ein pause i jobbinga.

Elevane møter fem frivillige leiarar: tre lærarar, ein sjukepleiar og ein driftsleiar. Det er viktig å vera mange vaksne. Då kjenner elevane at me har tid til dei. Kriteriet for å bli leiar: vera glad i denne aldersgruppa.

Me definerer dette som diakoni, ikkje trusopplæring. Skulen reklamerer for oss og framsnakkar oss. Målet vårt er ein god, trygg plass til leksegjering, kjenna seg velkomne og ha lyst å koma att.

Middag og sosialt samvær i Bremnes



Diakon Sissel Fylkesnes Våge orienterte om fine samlingar i Bremnes kyrkje i haust for flyktingar frå Ukraina der flyktingane sjølve har gjort teneste. 20. oktober var det nokre av kvinnene frå Ukraina som laga maten sjølv. Dei serverte ukrainsk mat – deruny – laga av potet, løk og egg, som blir servert saman med rømme. Dette var veldig godt. Kjekt å få vera i lag i kyrkja!



Velkomen til Drop-in-dåp!



Slik kunne ein lese i Tysnesbladet og på kyrkja sine heimesider i midten av oktober. Kyrkja inviterte til Drop-in-dåp. Veldig spente rigga me oss til i kyrkja og i Kyrkjeståvo. Dekka på med kvite dukar, lys og blomar. I den nye kyrkjestova lukta det av nykøkt kaffi og kakene stod klare. No gjenstod det berre eit spørsmål: Ville det kome nokon som ville bli døypt denne ettermiddagen?

Der er ingen krav til korleis du må tru eller korleis du må vere for å bli døypt, det er nok å ønske dåp for deg eller for barnet ditt kunne ein lese på kyrkja sine sider.

Då klokka nærmar seg halv fire kunne me høyre lydar frå våpenhuset, der stod kyrkjjetenar og ønska velkommen, og jammen var det bra med festbord i Kyrkjestova, for køen av born og unge som ville verte døypt vaks. Heile 9 born og unge vart lagt til i kyrkje og kyrkjelyd denne ettermiddagen.

Igjen stod prest, trusopplærar, kyrkjjetenar og frivillige kjøkkenassistentar med ei fantastisk oppleving av å ha fått vore med på heilage handlingar saman med foreldre og nær familie. Me kunne gå heim jublande glade.

Alle er velkomne til dåp i Den norske kyrkja. Dåp er ei tradisjonsrik og høgtideleg feiring av livet, uansett, alle kan bli døypt - kva tid som helst i livet.

Viktigast er at alle er like velkomne til dåp. Dåpen er ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når eller kor i livet ein er. Det er ei heilag handling der Gud gir sin lovnad om å vere med oss i livet.

Marit I Espedalen



Frå Stord sokn ved soknerådsleiar Anders Dahl



Det skjer mykje kjekt innan det frivillige arbeidet i Stord sokn også – og i år vil eg spesielt nemne tre ting som har vore litt utanom det vanlege. I Stord sokn har me dei siste par åra hatt eit fokus på «Use Your Talents» eller «Bruk talenta dine», og då gler det meg ekstra mykje som soknerådsleiar når det kjem initiativ frå frivillige i kyrkjelyden som har engasjement og ønskjer gjennomføre noko dei brenn for. Dei to første punkta er gode døme på dette:

- 1) I april arrangerte me ei «inspirasjonssamling for frivillige» der me hadde samtale/sofaprat med fleire frivillige medarbeidarar om deira engasjement som frivillige. Me hadde og ein idedugnad, enkel servering og tid til god prat.
- 2) I september arrangerte me ei gudsteneste særleg tilrettelagt for ungdom, blant anna med ungdommar som deltok i band. Kyrkja var full av konfirantar og andre ungdom! Etter gudstenesta var det heimelaga pizza & quiz til heile gjengen i Kyrkjestova.
- 3) I juni arrangerte Stord Kommune «Folk i sentrum» dagar. Laurdag stod me på stand saman med andre frivillige organisasjonar, og søndag var me invitert til å halde gudsteneste i sentrum. Denne skulle vere på utescenen ved Osvald Pub – men sidan det regna godt vart gudstenesta flytta inn på puben. Det vart ei kjekk oppleving for både oss i kyrkjelyden og dei som driv puben – og me fekk lov å vere kyrkje nært til folk og livet i sentrum av Stord.

Anders Dahl

Folkedansmesse på Stord og i Etne

Søndag 11. juni skal eit samansett kor av koret Sanctus frå Nysæter kyrkje og Prosjektkoret i Etne kyrkje samarbeida om folkedansmesseprosjektet «Tred inn i dansen». Det blir i Nysæter kyrkje på føremiddagen og i Etne kyrkje om kvelden. Ei viktig brikke i messa er dansarar frå Stord ungdomslag som dansar til fleire av ledda i messa. Instrumentalt blir strykarar med og spelar til ledda i messa. Liturg er Reidar Ådnanes.

Dette er ei svensk folkedansmesse som koret Sanctus saman med ensemble gjennomførte i både Nysæter kyrkje og i Stord kyrkje for ein del år sidan. Koret var og på sjømannskyrkjer i Spania og framførte messa.

Kora tek varmt imot fleire songarar som kan tenkja seg å vera med på prosjektet som songarar, det vert øvd på messa framover våren i hhv. Nysæter kyrkje og i Etne kyrkje onsdagskveldar før kora slår seg saman ikkje lenge før framføringa.

Me ser fram til dette!

Bjarte Aadland



Bileta er frå tidlegare framføring av folkedansmessa i Nysæter kyrkje tidleg på 2000-talet.

Fjelberg kyrkje 300 år

Søndag, 4. september i nydeleg vær inviterte soknerådet til jubileumsfeiring for Fjelberg kyrkje med festgudsteneste og samvær i prestegarden. Biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug, prost Svein Arne Theodorsen, sokneprest Carsten Mrusek, tidlegare prestar og fleire lokale prestar tok del. Kvartetten "Ære", leia av kantor Eva Megyesi song.

På festsamværet i den gamle prestegarden var det betasuppe, laga av lokale eldsjeler, og jubileumskake. Blant dei som kom med helsing var tidlegare prost i Drammen prosti, Astrid Bjelbø Bayegan, ho fortalde om oppvekstminne og konfirmasjonstid på Borgundøy/Fjelbergøy. Kyrkjevevje Torstein Aarhun gav eit tilbakeblikk over kyrkja si historie. Det var helsing frå Kvinnherad kommune ved Anne Sofie Bjel-land Kjekka som er busett i soknet. I Svein Arne Theodorsen sitt bidrag var det og ei helsing frå Misjonsalliansen.



Pris for samarbeid med vennskapskyrkjelyd



«Det har vore gøy, inspirerende og meningsfylt», seier Aksel.

Aksel Lygre var fyrste helga i desember i Estland og mottok prisen.

Sidan 1994 har kyrkjelydane på Bømlo hatt venskapsarbeid med Sangaste kyrkje i Estland. Sidan 2012 har det vore årlege sommarleirar, der også mange ungdommar frå Bømlo har teke del. Som fast deltakar på desse sommarleirane tok Aksel Lygre 4. desember imot ein pris for samarbeidet. Lygre understrekar at han deler prisen med alle som gjennom mange år har stått i dette samarbeidet, i Estlandskomiteen, ungdommar som har delteke og andre.

Vervagudsteneste

I Sunnhordland prosti har det vore friluftsgudstenester fleire stader i år. På Jensaneset i Sagvåg er det tradisjon for å feira gudsteneste i juni.

I år vart gudstenesta feira i nydeleg ver med Reidar Ådnanes som prest og Bjarte Aadland som kantor, med god hjelp av Rune Koppang på kornett.



Vigsling og ordinasjon

Søndag 19. juni var det stor vigslingsgudsteneste i Bremnes kyrkje. Biskop Halvor Nordhaug kom til Bømlo saman med mange andre medverkande og vigsla Sissel Johanne Fylkesnes Våge til diakon og ordinerte Laila Hansen Røksund til prest. Ei fullsett kyrkja var med på denne historiske vigslingsgudstenesta.

Laila Hansen Røksund har sidan 2011 vore tilsett som kyrkjelydspedagog i kyrkjene på Bømlo og gjennom desse åra vore med å lyfta kyrkjelydsarbeidet til nye høgder. Dei seinare år har Laila teke tilleggsstudie mot prestetenesta. Sissel Johanne Fylkesnes Våge har i nær like lang tid vore tilsett som diakoniarbeidar på Bømlo. Hennar innsats og nestekjærleik set spor blant bømblingane og ved no fullført mastergrad er det svært gledeleg at Bømlo no har sin eigen diakon.

Mange gjorde teneste i gudstenesta, m.a. Svein Arne Theodorsen, prost i Sunnhordland, og sokneprestane på Bømlo - Asbjørn Gundersen, Aksel Lygre og Fríðleif Lydersen. Kantor var Øystein Lund Olafsen. Frå leiinga i Sjømannskyrkja kom Jan Stellet Rønningen, frå Bispedømekontoret seniorrådgjevar Vetle Karlsen Eide. I tillegg mange var det mange frivillige frå Bømlo som tok del mellom anna med skriftlesing og forbønn.

Prost Svein Arne Theodorsen innleia vigslingsgudstenesta, han sa mellom anna: I dåpen vart vi innlemma i Guds folk, og vi vart alle vigsla til å vera tenarar for Gud. For Skrifta vitnar om at heile Guds folk er eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk som høyrer Gud til, så vi skal forkynna hans storverk, han som kalla oss ut or mørker til sitt underfulle ljus.

Gud har og skipa ei særskild tenesta med å forkynna evangeliet og forvalta sakramenta, for at han kan gje oss den trua som frelsar, og halda oss oppe i trua. Og han har gjeve kyrkja i oppdrag å kalla menneske til å gå inn i denne tenesta. I dag skal Laila på apostolisk vis med handspålegging og bøn verta vigsla til prest og få ansvar for den offentlege forvaltninga av Ord og sakrament i kyrkjelyden.

Til kallet og nådegåvene som Gud har gjeve til kyrkjelyden, høyrer og omsorgstenesta, så Kristi kjærleik kan verta synleg mellom oss. I dag skal Sissel på apostolisk vis med handspålegging og bøn verta vigsla til diakon og få ansvar for å leggja til rette den omsut som kyrkjelyden har for menneske i naud.

Biskopen leia vigslinga og ordinasjonen og heldt tale til Sissel og Laila. Til slutt sa han: Så gjer eg kunnig at de er rett kalla prest og rett kalla diakon i vår kyrkje, med det mynde og ansvar som høyrer ditt heilage kall til, etter Guds ord og dei ordningane vår kyrkje har. Og vidare: Kjære kyrkjelyd og Sjømannskyrkja. Saman har vi overgjeve desse våre medkristne til Gud og bede om velsigning over gjerninga dei går til. Lat oss ta imot dei i kjærleik, framleis bera dei fram for Gud i bønene våre og stå saman med dei i forsoningstenesta.

Laila og Sissel delte på preika som er trykt i dette bladet, og på innleiinga av nattverd måltidet.

Takkofferet vart delt mellom Sjømannskyrkja og Pilegrimsarbeidet.

Bømlo Gospel under dyktig rettleiing frå kantor Øystein Lund Olafsen gjorde ei flott teneste med vakker song og musikk, biskopen kom med sær gode og hyggelege ord til dei.

Etter gudstenesta inviterte soknerådet til kyrjekaffi i kyrkja. Her var det mange helsingar med gode ord til dei som vart vigsla. Laila Hansen Røksund er no prest i sjømannskyrkja i Torrevieja i august, og Sissel Johanne Fylkesnes Våge held fram som diakon på Bømlo.



Preik vigslingsgudsteneste

Predikantar: Sissel Fylkesnes Våge og Laila Hansen Røksund

Sissel:

I teksten som vart lese frå Johannesevangeliet seier Jesus til Nikodemus at me må verta fødd på ny for å sjå Guds rike. I ein fødsel skjer det som de alle veit noko med oss. Eg veit ikkje korleis det er for dykk, men eg kan ikkje hugsa korleis eg opplevde å verta fødd. Eg trur ikkje mange gjer det. Det er likevel sikkert mange av dykk som er her i dag som har opplevd ein fødsel, eller i alle fall sett på film at eit barn vert fødd.

Eit av kjenneteikna ved ein fødsel er at både å setja eit barn til verda og å bli fødd er smertefullt og ei stor påkjenning. Gud valde likevel å bli fødd som eit menneske med smerta og påkjenningane det innebar.

Eit anna kjenneteikn ved ein fødsel er at me vert boren. Me vert boren i mors liv, som oftast er det hender der som tar imot barnet ved fødselen og barnet er totalt avhengig av å verta boren og etter fødselen for å veksa og utvikla seg.

Sist helg vart skaparverket feira i mange gudstenester. Ein forutsetning for alt det skapte, for alt liv på jorda er vatn, vatn er òg eit av kjenneteikna ved ein fødsel. Allereie i mors liv, som eit foster, er me beskytta av vatn. På same tid får me i bibelen høyra om at vatn er forbunden med fare, men òg at Gud bergar. Gud sende for eksempel storflaumen, berga Noah og sendte deretter regnbuen for å visa at han er trufast. I leseteksten fekk me høyra at me i dåpen vert døypte til døden med Jesus og slik han vart oppreist frå dei døde vert me, ved å bli døypt, oppreist til eit nytt liv.

Dåpen gir oss del i Kristus, me vert ein del av det kristne fellesskapet og den verdsvide kyrkja. Vatn høyrer med både som ein sentral del i skapinga og i Guds formidling av nåden. Me vert frigjorde til eit nytt liv i teneste fordi Gud i Jesus vart menneske, vant over dødskreftene og at Jesus med livet sitt viste oss Gud. Jesus verka og møtte folk i kvardagen. I evangelia får me høyra om at Jesus gjorde sjuke friske, jobba for utsette gruppe, refsa dei med makt og viste omsorg. Eit eksempel er Nikodemus som kom midt på natta til Jesus med sine bekymringar/ eller det han grubla på, og Jesus tok i mot han. I dag oppsøker òg folk som har bekymringar kyrkja på nattetid. For eksempel gjennom Kirkens SOS.

Laila:

Å grubla om natta med ei tru som går hand i hand med tvil, ilag med tanken på ei framtid som kan virka skummel og ukjent - det trur eg er ei ganske vanleg erfaring. Eg kan i alle fall lett kjenna meg igjen i Nikodemus. Det Jesus seier til Nikodemus er at for å verkeleg sjå korleis det er når Gud er konge, så må Nikodemus bli fødd

inn i Guds rike; akkurat som eit barn blir fødd inn i ein familie. Då blir du fødd inn i eit fellesskap der du ikkje treng å vera åleine; for sjølv om det ikkje er nokon andre der, så er Gud alltid hos deg.

Då me vart døypte la presten handa på hovudet vårt og sa: «Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet.» Dette som Nikodemus strevar med å forstå, har altså skjedd med alle oss som er døypte i den treeinige Guds namn.

Eg likar Luther sitt svar på spørsmålet om kva det er å vera ein kristen. Luther svarer; det er å øva seg i sin dåp. Ja, for dåpen er ikkje ei eingongshending - den er eit konkret symbol på at me tilhøyrar Jesus med heile oss, slik me er, med fortida vår og med framtida vår. Dåpen er Guds måte å minna oss alle på i seine våkenetter, at uansett kva som skjer, så vil Guds kjærleik halda oss oppe i livet og i døden.

Sissel:

Nikodemus får svar av Jesus om at han må bli fødd på ny av vatn og Ande. Den heilage ande gir kyrkja og kvar enkelt av oss kraft og mot til å handla på Guds kall til teneste. Eg veit ikkje korleis det er for deg, men sjølv kan eg fort tenka at eg ikkje er brukande til å ta på meg ei oppgåve, eller at eg rett og slett ikkje har mot nok.

I dag skal me feira nattverd og i nattverden blir dåpsfellesskapet med Kristus fornya. I nattverden får me tilgjeving og håp for det som ligg føre, og vert sendt ut i kvardagen til teneste for alle menneske og skaparverket. Eit eksempel på menneske som sa ja til teneste er læresveinane. Fleire av dei var fiskarar, men fekk likevel mot nok til å bli Jesus sine læresveinar. I kyrkja er det mange tenester. Korintarbrevet fortel oss om at lemene er mange, men kroppen er ein. Frukten kjem av den samla tenesta. Tenestene er ulike, men alle er like viktige for å bera gode frukter.

Å våga ei teneste kan bidra til å gjere liva våre rikare. I jobben min med diakonitenesta samarbeider eg med mange frivillige i ulike aktivitetar - to gruppe er for eksempel på sjukeheimen ein gong i månen. Ei av dei frivillige som er der sa då eg spurte om korleis ho synes det er at: «det vert opplevd som himmelsk og ein velsignelse å vera med».

Den andre gruppa er songstund med trekkspeklklubben. Då har det komme kommentarar frå dei som bur der som «ditta var kjekt. Det var jo songar me kunne». Det er og mange som får glimt i auga når dei høyrer trekkspelemusikken, og foten trampar takten. Og så er det og sånn at mange av dei som bur på sjukeheimen ikkje har eit språk lenger, eller hugsar så godt, men songar dei lærte då dei var unge set der, sjølv hos dei som til vanleg kanskje ikkje klarer å seia ei heil setning. Ei av dei frivillige som er med der sa at: «da e derfor da er så givande å få vera med».

Eg har brukt desse eksempla før, men synest dei gir eit godt bilete av kva ei teneste kan bidra til. Eller som ei dame nett sa til meg at ho med å gå på besøk føler seg til nytte, blir glad og føler seg rikare. Mitt liv blir òg rikare i møte med desse menneska, både med frivillige og andre eg møter i arbeidet mitt.

Diakoniplanen peiker på at i gode fellesskap vert det gitt gjensidig trøyst og hjelp, den enkelte ser og blir sett. Slike fellesskap er med på å frigjera nye krefter til alle dei ulike tenestene i kyrkje og samfunn.

Å vera ei tenande kyrkje er i følgje kyrkja eit oppdrag som skal gjennomsyra livet og tene- sta i heile kyrkja, gjennom, haldning, handling, ord og bøn. Mitt ynskje og bøn til Gud er at eg i mi teneste som diakon kan vere med å leggja til rette for den diakonale tenesta, og å vera ein medvandrar når menneske eg møter treng det.

Laila:

Nikodemus sin samtale med Jesus handlar om det naturlege og det åndelege. Jesus sa til Nikodemus: Det som er fødd av kjøt, er kjøt, og det som er fødd av Anden, er ånd. Eg veit ikkje kva du tenkjer når eg seier ordet openberring. For meg gir det meining å skilja mellom to ulike openberringar; den allmenne openberringa (spor av Gud i naturen og i samfunnet) og den spesielle openberringa (Gud viser seg i Jesus Kristus).

Eg er nok på mange måtar lik Nikodemus og har stilt mange spørsmål som går på tru og tvil oppi- gjennom livet. Men når eg ser skaparverket, om det er på toppen av eit fjell med fantastisk utsikt, om det er ein nyfødd baby eg set med i fanget eller eg er hos optikaren og får sjå bilete av mitt eige auga med eit ufatteleg sinnrikt system av musklar og blodårer, som til saman gjer at hjernen min kan oppfatta det eg ser rundt meg. Då har eg det med å utbryta O, store Gud! Og med det meiner eg at for meg kan det ikkje vera noko enn ein skapargud som kan stå bak alt det fullkomne me ser i naturen og i menneska rundt oss.

Denne allmenne openberringa av Gud er med og styrkjer den spesielle openberringa for meg. Og det er i grunn denne spesielle openberringa Jesus forklarar for Nikodemus i versa etter dagens evangelietekst, for det er i denne nattlege samtalen med Nikodemus at Jesus seier dei kjente orda som me kallar Den vesle bibelen som eg har haldt fram for kvart einaste konfirmantkull eg har hatt gjennom tida mi som kyrkjelydspedagog. Den vesle bibel; ei oppsummering av den spesielle openberringa. For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Tenk at Gud vart menneske, gav sitt liv og på den måten opna vegen til eit evig liv. Mitt mål og mi bøn er at eg med mi presteneste kan vera med å bidra til at stadig nye menneske kan bryta ut og seia Takk, store Gud!

Oh Lord, my God

When I, in awesome wonder
Consider all the worlds Thy hands have made
I see the stars, I hear the rolling thunder
Thy power throughout the universe displayed

Refr:

Then sings my soul, my Savior God to Thee
How great Thou art, how great Thou art
Then sings my soul, my Savior God to Thee
How great Thou art, how great Thou art



Avskjed med biskop

Biskop Halvor Nordhaug har vore biskop i Bjørgvin sidan 8. mars 2009. På Prostidagen 3. november vart han takka av i Sunnhordland prosti. Nedanfor kan de lesa talane til sokneprest Arild Steinsland og soknerådsleiar i Stord, Anders Dahl.

Tale til bisp Nordhaug

Kjære biskop Halvor. Det er en stor ære for meg å holde hilsen til deg i forbindelse med din avskjeds-turné. For dere som ikke vet i hvilken anledning jeg er gitt denne oppgave så er jeg altså lokallagsleder i Sunnhordland prosti for den norske kirkes Presteforening. Jeg representerer altså presteskapet i Sunnhordland – 15 i tallet. Det betyr blant annet at jeg skal møte prosten i såkalte kontaktmøter der det informeres, drøftes og forhandles. Men det står ingenting om det tillegg dette verv å holde avskjedstale for en biskop. Og i og med at vi er en høyt demokratisk organisasjon så tok vi det opp på prostisamling 29. september om det eventuelt var jeg som skulle holde denne tale. Og etter harde forhandlinger ble det bestemt med 8 mot 3 stemmer at lokallagsleiaren skulle få denne ære, under forutsetning av at medlemmene hadde kontroll på innholdet – dette er altså en demokratisk utformet tale.

Vi begynner enkelt

Halvor har jo vært lærer på MF i homiletikk, og flere av oss, meg inkludert har hatt han som prekenlærer for å si det mer forståelig norsk. Spørsmålet blir da: Er biskop Halvor Nordhaug selv en god predikant? PF Sunnhordland svarer JA – med 11 av 11 stemmer. Han er en kjempegod predikant – det er bare å si det rett ut. En av medlemmene ville ha et tillegg: «Selv når han har en dårlig preken – så er den kjempegod» Ka nå det måtte bety?

Takk for inspirasjon i prekene og til å lage bedre prekenes – Halvor. Det er vi deg takknemlig for!

Og så til den andre viktige saken i verden; det viktigste av de uviktige ting – fotball – Han holder med røde lag – det støttes med 9 av 11 stemmer. Men når det går opp for oss at det ikke er snakk om Liverpool og Brann, men Arsenal og Fredrikstad så synker tallene betraktelig til 3 av 11 stemmer. At han ikke holder med Brann støttes for så vidt med 2 av 11 stemmer.

Men når vi får tenkt oss om og ser at Halvor støtter svake lag som sliter med resultatene så støttes fotballvalgene hans med 8 av 11 stemmer. Det er jo en kristenplikt å støtte folk og fotballag som ligger

nede. Selv om det er litt bittert at et av lagene, Arsenal opplever, uforståelig nok, stor suksess for øyeblikket. Men så er det formildende når det er en konfirmant fra Norge, Martin Ødegaard, som i øyeblikket er lagets ledestjerne og hærfører.

Punkt 3: Er bisp Halvor en diplomat? Nei, med 7 av 11 stemmer. Han er direkte og rett på sak uten formildende bruk av koselige småord – dette kan oppleves som lite diplomatisk. Men han er en av de beste som finnes å krangle med. Det har virket på oss som om Halvor har likt en god krangel, men den har alltid gått på sak og ikke på person, og, ikke minst, det er ikke noe problem etterpå. Kan det ha noe med at Halvor faktisk er morsom og festlig – vedtatt mot en stemme.

Er bisp Halvor gavmild? Ja, han er en aktiv «regifter» og det kommer alle som er i nærheten under en visitas til glede. Når han får vaser, porselen og syltetøy av stedets ordfører så kan det fort være en av stedets sokneprester eller andre kyrkjelege ansatte som får glede av herligheten. Han er altså en «regifter» og gjenbruk og bruk er jo i tiden nå, framfor å samle ting på lager!

I dag er dagen alt skal fram, kjære biskop.

Snakker Halvor et rart nynorsk? Ja, med 9 av 11 stemmer.

Kan bisp Halvor le av seg selv – JA

Er Halvor en viktig brikke i mange presters liv – JA med overveldende flertall.

Er Halvor en god og varm sjesørger – Til det svarer prestene i Sunnhordland et rungende JA

Tar Halvor debatten i mange vanskelige saker som også influerer på den enkelte prest. JA

Har han gjort dette også på et nasjonalt plan? – Vi svarer JA

«Kill your darlings», lærte Halvor oss i prekenlæren. Og i denne talen, Halvor har jeg jammen slått i hjel mange poeng og punkter. Hvorfor? Det kunne rett og slett blitt for mye av det gode selv for en biskop av Halvors kaliber. Selv forklarer bisp Halvor hvordan det har seg at han har vært en så god mann for folk, på tysk til og med fra tiden han var utplassert for en periode i Tyskland: «Schlechten Menschen geht es immer gut». Det krever selvsagt ingen oversettelse i slikt et flott tyskkyndig publikum.

Og oppsummerende kan vi vel si at, om du ikke har forstått det ennå, vi er fornøyde. Du har vært en god biskop for oss prester i Sunnhordland prosti. Vi takker hjertelig for innsatsen!

Og dette, kjære Halvor, betyr at du er verdig, skikket og kallet til utnevnelsen «Ridder av den norske kirkes Presteforenings Storpin». En ære som svært få blir beæret med. Du er den første biskop.

Arild Steinsland



Kjære Halvor

På vegne av soknerådene i Sunnhordland vil jeg si takk for den tjenesten du har gjort som biskop i Bjørgvin. Jeg har ikke selv hatt så mange treff med deg, men jeg opplever likevel at du som vår biskop har vært viktig for både meg og for soknene i Sunnhordland. Når jeg har spurt de andre soknerådslederne om hvordan de vil beskrive deg kommer stikkord som at du er en god debattant, flink med media, godt humør og god humor, en fabelaktig taler som er lett å forstå og som er sentral i budskapet sitt. For meg er det tre stikkord jeg vil fokusere på i min takk til deg: Du er inspirerende, du er tydelig og du er glad i mennesker.

Et av mine første møter med deg var på prostidagen i Sveio i 2018, hvor du var med å åpne nytt soknehus og snakket om å være «saman om å byggje kyrkjelyden vår». Jeg tenkte da, og har tenkt flere ganger siden at du evner å løfte perspektivet og inspirere oss gjennom det du formidler – og måten du gjør det på. I Valen har du også inspirert soknet

til å gå i gang med utlysning av diakon. Et annet eksempel er visitasforedraget fra ditt besøk på Stord i 2016 som jeg fortsatt opplever setter fokus på sentrale utfordringer i vårt sokn.

Det leder meg over på punkt 2 – din tydelighet, som også bunner i din gode evne til å reflektere teologisk. I en tid hvor vi som samfunn ofte blir utydelige og vage for å unngå konflikter, opplever jeg at du har vært en roffestet biskop som har turt å ha meninger og å stå for dem. I visitasforedraget fra 2016 sier du rett ut at «Det er mykje pengar på Stord, men dei ligg i lommene til medlemmene.» Et annet ferskt eksempel er din debatt med bl.a. biskopkollega Solveig Fiske om teateroppsetningen i Hamar kirke. Her opplever jeg igjen at du er en tydelig og viktig stemme i det offentlige ordskiftet – som er med å prege utviklingen i kirke-Norge. Vi trenger det fra våre biskoper.

Du har også gitt ut noen bøker, blant annet «Men hva med de andre». Det er en bok som igjen forteller meg at vi trenger biskoper med tung teologisk forståelse som kan reflektere over spørsmål som hvorvidt frelsen er for alle – og hvordan det kan forstås for dem som ikke tror – eller aldri får høre om Jesus. I boken er du igjen tydelig på hva du kan stå inne for teologisk – men jeg husker spesielt ett avsnitt som for meg understreker at du først og fremst har en stor omsorg for dine medmennesker: «Ut fra Guds kjærlighet til alle mennesker og hele sin skapning er jeg da også med hjertet overbevist om at apokatastasis [frelse for alle] må være det vi aller håper og ber om. Det kan ikke bli kirkelære, men må være nettopp et håp, et kirkehåp».

Takk for det du har gjort og betydd for oss i Bjørgvin, og lykke til videre som biskop emeritus og pensjonist.

Hilsen soknerådene i Sunnhordland
v/ Anders Dahl, leder i Stord sokneråd

2013 var Ungdomsåret i Bjørgvin bispedøme. Bjørgvin bispedømeråd tilsette Arnt Johan Vistnes som prosjektleiar. Vistnes var då sokneprest i Nysæter, no er han sokneprest i Skåre, Haugesund. Etter prostigudstenesta hadde han ei helsing til biskopen. Liv Kari Bru, kyrkjevevje på Stord laga song til biskopen, teksta finn de nedanfor.

Takk til ungdomsbispen Halvor

Kjære Halvor. For 10 år sidan sat me i lag på bispedømekontoret med relativt høg puls og førebudde Ungdomsåret 2013. Her sat me som følgje av noko som glapp ut av deg på pressekonferansen etter at du var innsett som biskop. Du sa noko sånn som dette: «Om tidlegare biskop Ole var biskop for barna så kan eg vera biskop for ungdommane. For no har Ole sine barn vorte tenåringar.» Og til å vera ein såkalla «slip of the tongue» var jo dette rimeleg godt sagt.

Så var det altså eg som fekk sjansen til å leia dette prosjektet – Ungdomsåret 2013. Eg drog då i frå det trygge tilværet som sokneprest i Nysæter – der eg stort sett visste kva eg haldt på med, og reiste til Bergen, til eit kontor der eg berre deler av tida visste kva eg haldt på med. Og det vart eit år der uttrykket «skrekkblanda fryd» for meg fekk eit nytt innhald. Eg veit ikkje om du hadde så mykje skrekk med dette, men det var underfullt å oppleve kor mykje som kunne gå skikkeleg gale – trass alt gjekk ganske bra.

Du viste deg og som ein biskop som var ganske så ung til sinns, sjølv om du fylte 60 i løpet av sjølve ungdomsåret. Dette synta seg særleg når eg skulle hente deg heime, halv sju om morgonen, for å køyra til Sogndal, Stryn eller Voss for promotera Ungdomsårprosjektet. Då var du ganske så morgongretten. Eg måtte då ligga ganske lågt ei stund, men då me hadde passert Dale så kunne me ha ein ganske så interessant og sivilisert samtale. Eg har mange gode minner frå desse bilturane med mange interessante samtaler. Du haldt meg og oppdatert på korleis det gjekk med nordmennene i VM i skiskyting, for I-paden – den hadde du alltid i nærleiken. Nok eit ungdommeleg trekk.

Om ungdomsåret har gjort stor skilnad for ungdom i Bjørgvin og deira relasjon til kyrkje og tru er vanskeleg å vite heilt sikkert. Men eg er sikker på at det sette spor for nokon. Me veit jo at nokre av dei ungdommane med samarbeidde med no er på veg ut i presteteneste. Ungdomskatedralen St. Jakob er jo og i dag eit fyrtårn når det gjeld å engasjera mange unge vaksne. Me fekk og fleire kyrkjelydar til å finne nye måtar å nå ut til sine unge på. Me gav

kyrkjelydane med frivillige og tilsette ryggdekning til å bruke meir av tida si på ungdommane. I ungdomsåret sa du at kyrkjelyden er ikkje heil utan at dei unge er med. Noko som sjølvstøtt både er sant og godt sagt.

Ein av dei tinga eg sette stor pris på med deg, Halvor, er at du sa kva du meinte. Du hadde ikkje eit fromt filter. Dette kom særleg til uttrykk då me skulle reise heim frå eit fint opphald i Taizé. Me hadde med oss ei fin gruppe med ungdommar som me ville skulle gjera seg kjent med denne tradisjonen. Me hadde ei strålende veke med mange fine stunder i dette spesielle kristne fellesskapet. Alt gjekk på skinner heilt til me skulle heim. Bussen som skulle ta oss til flyplassen køyrde i frå oss – og me hadde store utfordringar med å få tak i busselskapet. Då var det at nokre av dei fromme ungdommane me hadde med oss stilte seg i ring for å be. Du skulle rekke andre viktige møte og var nok litt stressa då du halvhøgt kom med følgande brannfakkell: «Det er jo fint å be, men det HJÆLPER JO IKKE!» No ville du sjå handling. Men, mens nokon ba var det andre som handla. Bøn og handling vart eitt og ny buss kom. Me rakk flyet. Ingen skal tru noko anne enn at du trur på bøn, Halvor. Du ville gjerne at ungdommar skulle bli inspirerte til å be, så du laga ei enkel bøn som ungdom kunne læra seg utanåt og som vart ungdomsårarbøna.

Det var «venner for livet» som var mottoet vårt. Me kan få tru så enkelt at Jesus vil vera vår ven. Ein ven som aldri, aldri går sin veg – anten me er morgongretne, leie oss, stressa eller urimelege og redde. Om nokon av ungdommane frå 2013 har fått med seg dette og no kan gje den enkle bodskapen vidare – ja så hadde Ungdomsåret 2013 verkeleg noko for seg.

Takk for ungdomsåret, Halvor, og takk for at eg fekk vera med. Her kjem til slutt bøna som du lærte oss. Ei bøn som me kan halda fram med å be heile livet: Kjære Gud. Takk for at Jesus er min venn! La meg alltid huske det. Hjelp meg og å vere venn med andre menneske og med jorda. Amen.

Arnt Johan Vistnes



Frå venstre: Prost Svein Arne Theodorsen, kyrkjevevje Liv Kari Bru, biskop Halvor Nordhaug, sokneprest Aild Steinsland og soknerådsleiar Anders Dahl.

Song til biskop Halvor 03.11.2022

Mel. Hamba Nathi
Hamba Nathi mkululu wethu
Hamba Nathi mkululu wethu
Hamba Nathi mkululu wethu
Hamba Nathi mkululu wethu

Takk for følget, biskopen vår
Kjære Halvor, me håpar du får
Gode dagar som emeritus
Tid til arbeid i hage og hus.

Hamba Nathi mkululu wethu x4

Biskop i Bjørgvin blant fjordar og fjell
Visitasar og styre og stell
Mange prostar og prestar og styr
Og for mange du mykje betyr

Hamba Nathi mkululu wethu x4

Kunnskap om mykje, om kunst og kultur
God på formidling, har noko på lur
Tydlæg og myndig og fin humorist
Møter med deg er alt anna enn trist.

Hamba Nathi mkululu wethu x4

Kjære Halvor, no ynskjer me deg
Signing på ferda i dagar som kjem
Tid til det som betyr aller mest
Vanlege dagar, me trur dei er best.

Hamba Nathi mkululu wethu x4

Gode tankar frå
tilsette i Sunnhordland prosti

Med sans for røter

Samtale med Hilde Enstad, ordførar i Kvinnherad.

Ho har sans for røter, Hilde Enstad, (1968), ordførar i Kvinnherad, som arbeider i drivhuset og har planar om parselhagar og epledyrking

saman med mannen Ragnvald, når ordførartida er over. Men det er ikkje berre røtene på tre

og plantar ho steller fint med. Også eigne røter, tradisjonar, tar ho vare på. I førjulstida er det advent i

heimen hennar. Lilla er fargen på denne tida.

Ein spesiell adventsduk ligg framme, og julekjeksa

blir sette på

bordet på søndagane fram over mot jul etter kvart som dei blir ferdige og fleire lys blir tende i adventsstaken. For sjølv jula får ikkje sleppa inn før veslejulaften. Då blir juletreet henta i eigen skog og kulene blir hengde på greinene. Dei sju sortane ligg i kakeboksane og englane er på plass i stova.

For Hilde er det slik det skal vera. Mange tradisjonar har ho tatt med seg frå sin eigen barnsheim, sjølv om kunsten å laga sylteflesk og fårerull ikkje er blitt vidareført hos henne.

Hilde syng gjerne mens ho steller i drivhuset. Og då ho var med i skulekoret, var det julesong, både i kyrkjer, samfunnshus og på Valen sjukehus. «Mitt hjerte alltid vanker» er favoritten. «Den er så fin å syngja i kor,» seier Hilde. «Og så liker eg Jakob Sande, sjølv sagt: Det lyser i stille grender», seier ho og legg til at ho synest det er viktig å gi rom for budskapen, at Jesus blei fødd, opp i alt det andre me fyller jula med. Dette ønskjer eg også at neste generasjon, barna og barnebarna mine, skal kjenna til. Og i julehøg-

tida går tankane ofte til dei i familien som me ikkje har saman med oss lenger, seier ho ettertenksamt.

Som sjukepleiar på nattevakt på Husnes sjukeheim, var det mange julekveldar Hilde og familien, mann og tre barn; måtte avslutta sjølv feiringa i god tid før kl. 21, så ho kunne gå på arbeid. «På sjukeheimen var det ei god ro denne natta. Det var ofte så stille etter annleisdagen.»

Hilde er takksam for livet slik det er. Ho har meir enn nok av alt ho treng, meiner ho, samstundes som ho minnest det mora fortalde frå sin barndom. På julaften sette ho eit lite fat med ein klementin, litt sjokolade og nokre nøter på nattbordet, (som var ein eplekasse). Så kunne juledagen komma, og ho kunne kosa seg under dynar med julegodtet, fortel ho mens tankane tydelegvis går til dei som har lite i dag: Eg veit ikkje kor mange det er som har lite i Kvinnherad i dag. Men eg håper at dei som treng hjelp, våger å ta i mot den utstrekta handa som ulike organisasjonar gir. For som Mette Marit sa: «Dei er modige, dei som tør ta i mot hjelp.»

Foto: Jorun Larsen, Grenda

Gudstenester i Sunnhordland prosti i jul og nyttår

Velkomen til kyrkje jule- og nyårshelg. Her finn du oversikt over gudstenestene. Ved nokre gudstenester vert det digital overføring, sjå informasjon om dette.

Bømlo

Julaften

Espevær kapell kl. 11.45
Moster kl. 14.00 og 15.30
Bremnes kl. 14.30 og 16.00
Bømlo kl. 14.30
Lykling kl. 16.00

1. Juledag

Bremnes kl. 11.00
Moster kl. 11.00

2. Juledag

Bømlo kl. 11.00
Moster kl. 11.00

Nyårsdag

Bremnes kl. 16.00
Juletreffestgudsteneste

Etne

Julaften

Frette kl. 13.00
Fjæra kl. 13.30
Etne kl. 14.30 og 16.00
Skånevik kl. 16.00

1. Juledag

Skånevik kl. 11.00
Etne kl. 12.00

Nyårsaften

Skånevik kl. 17.00

Nyårsdag

Etne kl. 12.00

Fitjar

Julaften

Fitjar kl. 14.30 og 16.00

1. Juledag

Fitjar kl. 12.00

2. Juledag

Fitjar kl. 19.00
Ungdomsgudsteneste

Nyårsaften

Fitjar kl. 23.00

Nyårsdag

Fitjar kl. 12.00
Alle gudstenester vert direktesendt på www.kyrkja.no/fitjar

Sveio

Julaften

Sveio Omsorgssenter kl. 13.30
Sveio kl. 14.30 og 16.00
Eikeland kl. 14.00
Førde kl. 15.00
Valestrand kl. 16.00

1. Juledag

Sveio kl. 12.00

Nyårsaften

Sveio kl. 23.15

Nyårsdag

Valen kl. 18.00

Alle gudstenester frå Sveio kyrkje vert streama på facebookside "Sveio kyrkje"

Kvinnherad

Julaften

Rosendalstunet kl. 11.00
Halsnøytunet kl. 11.00
Husnestunet kl. 12.00
Holmedal kl. 13.30
Varaldsøy kl. 14.00
Åkra kl. 14.00
Uskedal kl. 14.00
Fjelberg kl. 14.00
Ølve kl. 14.30
Eid kl. 14.30 og 16.00
Husnes kl. 15.00 og 16.15
Valen kl. 16.00
Ænes kl. 16.00
Kvinnherad kl. 16.15
Hatlestrand kl. 16.15

1. Juledag

Husnes kl. 12.00
Eid kl. 12.00
Kvinnherad kl. 12.00

2. Juledag

Ølve kl. 11.00

Nyårsaften

Eid kl. 16.00

Nyårsdag

Varaldsøy kl. 12.00
Familiegudsteneste
Kvinnherad kl. 17.00
Familiegudsteneste

Stord

Julaften

Knutsåsen Omsorgssenter kl. 11.30
Stord kl. 13.30, 14.45 og 16.00
Nysæter kl. 13.30 og 15.00
Huglo kl. 14.45

1. Juledag

Stord kl. 12.00
Nysæter kl. 12.00

Nyårsaften

Stord kl. 23.15

Nyårsdag

Nysæter kl. 12.00

Tysnes

Julaften

Reksteren kl. 11.00
Uggdal kl. 12.30
Onarheim kl. 14.30
Tysnes kl. 16.00

1. Juledag

Tysnes kl. 12.00

2. Juledag

Tysnes Omsorgssenter kl. 11.00

Nyårsdag

Onarheim kl. 12.00